

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 2016
LANDSORGANISASJONEN FOR ROMANIFOLKET
Org.nr.: 983037984

Tid: 19. mars 2016, kl. 15.00
Stad: Stathelle servicesenter

Styreleiar Linda Aleksandersen opnar årsmøtet.

Årsmøtet tel 22 røysteføre.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret v/Lars Harstad legg fram sakene.

Godkjenning av innkalling:

Det kom ingi merknader til innkallingi.

Røysting: Innkallingi samrøystes godkjend. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: Innkallingi godkjend.

Fastsetjing av saklista:

Svein Eriksen og Jan T. Karlsen kom med merknader til saklista.

Svein Eriksen viser til at rekneskapane for 2013 og 2014 ikkje var førehavde på tidlegare årsmøte, og at styret burde ha førelagt dokumenti for dette årsmøtet. Svein Eriksen viste dessutan til at suspensjonen av Wilhelm Holm, som vart utsett på førre årsmøte, skulle ha vore på saklista for dette årsmøtet.

Jan T. Karlsen gjorde framlegg om at spørsmålet om suspensjonen av Wilhelm Holm vert førehavd saman med dei andre suspensjons- og eksklusjonssakene.

Røysting: Saklista med merknader samrøystes godkjend. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: Saklista med merknadene frå Svein Eriksen og Jan T. Karlsen godkjend.

Sak 2. Val av ordstyrar og møteskrivar

Styret v/Lars Harstad legg fram saka.

Styret gjer framlegg om Dag Berg til ordstyrar og Sergej A. Munkvold til møteskrivar. Det kom ingi andre framlegg.

Røysting: Dag Berg og Sergej A. Munkvold samrøystes valde til ordstyrar og møteskrivar. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: Dag Berg vald til ordstyrar og Sergej A. Munkvold vald til møteskrivar.

Sak 3. Val av møtebokunderskrivarar og teljekorps

Ordstyrar legg fram sakene.

Val av møtebokunderskrivarar:

Det vart gjort framlegg om Wilhelm «Nikke» Holm og Bjørg Holm til møtebokunderskrivarar. Det kom ingi

andre framlegg.

Røysting: Wilhelm «Nikke» Holm og Bjørg Holm samrøystes valde til møtebokunderskrivarar. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Wilhelm «Nikke» Holm og Bjørg Holm valde til møtebokunderskrivarar.*

Merknad: Unni Knudsen og Svein Eriksen vart fyrst valde til møtebokunderskrivarar etter framlegg frå styret v/Linda Aleksandersen, men bad seg seinare frie ettersom dei skulle reisa innan møteboki var ferdigskrivi.

Val av teljekorps:

Det vart gjort framlegg om Borghild Langedal, Trond Rehn og Tommi Simonsen. Det kom ingi andre framlegg.

Røysting: Borghild Langedal, Trond Rehn og Tommi Simonsen samrøystes valde til teljekorps. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Borghild Langedal, Trond Rehn og Tommi Simonsen valde til teljekorps.*

Sak 4. Innkomne forslaget

Styret v/Lars Harstad legg fram sakene.

Forslag 1. Ekskludering av Rita Wallin:

Styret v/Lars Harstad les opp brevet som var sendt til vedkomande. Vedkomande har ikkje kome med tilsvar.

Røysting: 20 røystar for framlegget frå styret. 2 røystar mot framlegget frå styret. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Årsmøtet ekskluderer Rita Wallin frå LOR.*

Forslag 2. Ekskludering av Per Fredriksen:

Styret v/Lars Harstad les opp brevet som var sendt til vedkomande. Vedkomande har ikkje kome med tilsvar.

Røysting: 21 røystar for framlegget frå styret. 1 røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Årsmøtet ekskluderer Per Fredriksen frå LOR.*

Merknad til framlegg 1 og 2: Styret v/Linda Aleksandersen orienterar at det same grunnlaget som gjeld for ekskluderingane, òg vil få konkvensar for ombodi i Stiftelsen romanifolkets/taternes kulturfond. Styret kjem til å førehava dette etter årsmøtevedtaki. Det kom ingi merknader til dette frå årsmøtet.

Forslag 3. Ekskludering av Elin Margrethe Pettersen:

Styret v/Lars Harstad les opp brevet som var sendt til vedkomande. Vedkomande har ikkje kome med tilsvar.

Røysting: 20 røystar for framlegget frå styret. 1 røystar mot framlegget frå styret. 1 røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Årsmøtet ekskluderer Elin Margrethe Pettersen frå LOR.*

Forslag 4. Ekskludering av Jim Roger Pettersen:

Styret v/Lars Harstad les opp brevet som var sendt til vedkomande. Styret v/Lars Harstad les sameleis opp tilsvar frå vedkomande.

Det vert kravt skriftleg røysting.

Røysting: 20 røystar for framlegget frå styret. 2 røystar mot framlegget frå styret. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Årsmøtet ekskluderer Jim Roger Pettersen frå LOR.*

Forslag 5. Ekskludering av Trond Rehn:

Styret v/Lars Harstad les opp framlegget med vedlegg frå Nicolai Bjønnes. Framleggsstellar Nicolai Bjønnes er ikkje til stadar på årsmøtet. Ingen andre ynskjer å leggja fram framlegget.

Styret gjer framlegg om å avvise framlegget frå Nicolais Bjønnes. Styret viser til vedtektene for LOR, og legg til grunn at berre styret kan gjera endeleg framlegg om ekskludering på årsmøtet. Nicolai Bjønnes kan difor ikkje som einskildmedlem gjera framlegg om ekskludering.

Det vert kravt skriftleg røysting.

Røysting: 22 røystar for framlegg frå styret om å avvise framlegget. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: Årsmøtet avviser framlegget om å ekskludera Trond Rehn.

Forslag 6. Suspensjon av Wilhelm Holm:

Ordstyrar viser til at spørsmålet om «opprettholdelse av suspensjonen av Wilhelm Holm» vart reist ved fastsetjing av saklista.

Svein Eriksen viser til at ei sak om ekskludering av Wilhelm Holm (jf. vedtak på førre årsmøte) ikkje er førelagd dette årsmøtet, og at suspensjonen av Wilhelm Holm etter vedtektene dimed fell bort. Styret v/Linda Aleksandersen samtykkjer i denne tolkingi av vedtektene.

Røysting: 22 røystar for nemnde tolking av vedtektene, og at suspensjonen av Wilhelm Holm dimed fell bort. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: Suspensjonen av Wilhem Holm fell bort.

Sak 5. Forslag til vedtektendring (frå Nicolai Bjønnes)

Styret v/Lars Harstad les opp framlegget med vedlegg frå Nicolai Bjønnes. Framleggsstellar Nicolai Bjønnes er ikkje til stadar på årsmøtet.

Styret v/Lars Harstad viser til at dette årsmøtet har lagt til grunn at suspenderte medlemmer kan ekskluderast, jamvel om dei no er utmelde, og legg difor til grunn at framlegget til vedtektendring ikkje er naudsynt.

Røysting: 2 røystar for framlegget frå Nicolai Bjønnes. 20 røystar for framlegget frå styret. Ingen røystar fråhaldande

VEDTAK: Framlegget til vedtektendring avvist.

Sak 6. Styrets forslag til regnskap og årsmelding

Rekneskap:

Styret v/Lars Harstad går gjennom førebels rekneskap, som ikkje er ferdig revidert. Det kom ingi merknader til ressursbruken i 2015, slik han kjem fram i førebels rekneskap.

VEDTAK: Førebels rekneskap for 2015 vert teken til orientering. Reviderte rekneskapar for 2013, 2014 og 2015 skal leggjast fram på neste årsmøte.

Årsmelding:

Styret v/Lars Harstad oppsummerar årsmeldingi.

Røysting: Årsmeldingi samrøystes godkjend. Ingen røystar fråhaldande

VEDTAK: Årsmeldingi godkjend.

Sak 7. Styrets forslag til virksomhetsplan

Styret v/Lars Harstad oppsummerar framlegget til arbeidsplan for 2016/2017.

Styret v/Linda Aleksandersen viser til tilleggsframlegget til arbeidplanen, og tek til orde for eit sammøte mellom dei ulike organisasjonane i folkegruppa på bakgrunn av vantande forståing av rollene til organisasjonane og departementet.

Røysting: a) Arbeidsplan for 2016/2017 samsrøystes godkjend. Ingen røystar fråhaldande. b) 20 røystar for tilleggsframlegget/internresolusjonen frå styret. 1 røystar fråhaldande.

VEDTAK: Arbeidsplanen for 2016/2017 med tillegget frå styret (internresolusjon) godkjend.

Sak 8. Styrets forslag til budsjett

Styret v/Lars Harstad oppsummerar framlegget til budsjett.

Røysting: Budsjett samrøystes godkjent. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: Budsjett godkjent.

Sak 9. Val

Styret v/Lars Harstad legg fram sakene.

Val av styre:

Framlegg til styre frå valkomiteen:

Linda Aleksandersen – styreleiar
Wilhelm «Nikke» Holm – nestleiar
Lars Harstad – sekretær
Nina J. R. Pettersen – kasserar

Einar Gaute Sikveland – styremedlem
Borghild Langedal – styremedlem
Trond Rehn – styremedlem

Tom Dag Bredeesen – 1. varastyremedlem
Greta Sans Sikveland – 2. varastyremedlem
Jan T. Karlsen – 3. varastyremedlem
Jan M. Arnesen – 4. varastyremedlem

Det kom ingi andre framlegg.

Røysting: Alle val er samrøystes. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: Årsmøtet i LOR vel i samsvar med framlegget frå valkomiteen dette styret:

Styreleiar: Linda Aleksandersen
Nestleiar: Wilhelm «Nikke» Holm

Sekretær: Lars Harstad
Kasserar: Nina J. R. Pettersen

Styremedlem: Einar Gaute Sikveland
Styremedlem: Borghild Langedal
Styremedlem: Trond Rehn

1. varastyremedlem: Tom Dag Bredeesen

2. varastyremedlem: *Greta Sans Sikveland*

3. varastyremedlem: *Jan T. Karlsen*

4. varastyremedlem: *Jan M. Arnesen*

Val av valkomite:

Framlegg:

Tommi Simonsen (leiar)

Kirsten G. Pettersen

Roy Jarum Holm

Roy Jarum Holm er ikkje til stadar på årsmøtet, og kan difor ikkje veljast. Det vert difor gjort framlegg om Stig Richard Sikveland i hans stad.

Røysting: Alle val er samrøystes. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Årsmøtet vel denne valkomiteen:*

Tommi Simonsen (leiar)

Kirsten G. Pettersen

Stig Richard Sikveland

Val av oppnemningar til Stiftelsen romanifolkets/taternes kulturfond:

Styret v/Linda Aleksandersen legg fram saki.

Det vert vist til at det ikkje er samsvar mellom vedtektene til RT-fondet og LOR, sidan RT-fondet no berre har to styremedlemer oppnemnde frå kvar organisasjon. Tidlegare var det tre. Det vert dessutan vist til dei tidlegare vedtaki som er gjorde under sak 4.

Framlegg:

Linda Aleksandersen – styremedlem

Trond Rehn – varamedlem

Wilhelm «Nikke» Holm – varamedlem

VEDTAK: *Årsmøtet vel med atterhald om styrevedtak om oppfylgjing av sak 4 desse til styret i RT-fondet:*

Linda Aleksandersen – styremedlem

Trond Rehn – varamedlem

Wilhelm «Nikke» Holm – varamedlem

Val av representant til Glomdalsmuseet:

Framlegg:

Borghild Langedal

Det kom ingi andre framlegg.

Røysting: Alle val er samrøystes. Ingen røystar fråhaldande.

VEDTAK: *Borghild Langedal vert vald til arbeidsgruppa på Glomdalsmuseet.*

Linda Aleksandersen takka for tillita og heva møtet.

Møteslutt: kl. 18.35